



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2312 - 19/35890

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
03.12.2019

Mellombels bruksløyve Langheiane B8 Felt BKS3 - gbnr 188/775 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 720/19

Tiltakshavar: Orion Prosjekt AS
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka rammeløyve datert 17.10.17, igangsettingsløyve datert 20.12.17, 20.03.18 og 23.07.18. Det vert og vist til mellombels bruksløyve for felt BKS2 datert 25.06.19.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. BKS1 med tilhøyrande anlegg.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: BKS3 blokk E med tilhøyrande anlegg.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.06.2020.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.11.19 kompet 03.12.19.

Ansvarleg søkjar har i søknad gjort greie for at alle bygningsmessige arbeider tilknytt blokk E og tilhøyrande tilkomst og uteareal er ferdigstilt med unntak av rekkvert på mur langs parkeringsplass mo aust, det er opplyst at området er mellombels sikra med anleggsgjerde og at permanent rekkverk vil vere på plass innan torsdag 05.12.19.

VURDERING



Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Brekkelia 2, 4, 6, 8, 10, 12, 14 og 16
Bygningstiltak:	8 bueiningar
Bygningsnummer:	300721895
Bruksareal:	Om lag 1042 m ²
Vatn og avløp:	Offentleg

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for Blokk E innan felt BKS3 i reguleringsplan for Langheiane felt B8 og B9/planid.: 1263-201602 på eigedom gbnr. 188/775 bruksløyve gjeld felt BKS3 med tilhøyrande anlegg. Mellombels bruksløyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: BKS3 (Blokk E) med tilhøyrande anlegg
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.06.2020.

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling jf. pbl § 21-10, 3.ledd. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner etter plan- og bygningslova kapittel 32.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2312

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Orion Prosjekt AS	Postboks 449 Nesttun	5853	BERGEN
Orion Prosjekt AS	Postboks 449 Nesttun	5853	BERGEN

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
--	------------	------	----------